



SANDE KOMMUNE
Rønnebergplassen 17, 6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00
postmottak@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Kommunestyresalen, Sande Rådhus, Larsnes
Dato: 06.02.2018
Tid: 13:45 – 15:35

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Dag Vaagen	Ordførar	H
Inge-Jonny Hide	Medlem	H
Ivar Slettevoll	Medlem	H
Ruth Hatlebrekke Rekdal	Medlem	H
Arnfinn Hide	Medlem	H
Elisabeth Strand Slettestøl	Medlem	H
Mathias Hogne Gjerde	Medlem	H
Arnljot Muren	Medlem	A
Geir T. Torsvik	Medlem	A
Trond Torset	Medlem	A
Jon Garen	Medlem	A
Camilla Auflem Vik	Medlem	A
Helge Støylen	Varaordførar	TVP
Bjørn Flatøy	Medlem	TVP
Anne-Marte S. Beitveit	Medlem	TVP
Olav Myklebust	Medlem	SP
Kari Grønnevik	Medlem	SP
Marion Flatøy Bringsvor	Medlem	FRP
Kåre Fjørtoft	Medlem	FRP

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Einar Ekroll	Medlem	V
Kjerstin Sande	Medlem	TVP

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Ove Myklebust	Kjerstin Sande	TVP
Linda Dyrhol	Einar Ekroll	V

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Oddbjørn Indregård	Plan- og utviklingssjef
Tove Cathrine Kvamme	Politisk sekretær
Kjell Martin Vikene	Teknisk sjef
Bård Dalen	Pleie- og omsorgssjef
Øystein Johansen	Oppvekst- og kultursjef

Innkalling og protokoll frå forrige møte vart godkjent utan merknadar.

Røysteføre: 21

SAKLISTE

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
PS 1/18	Skriv og meldingar	
PS 2/18	Forvaltningsrevisjon - Tidleg innsats	2017/1444
PS 3/18	Larsnes Helselag - søknad om spelemidler	2017/1409
PS 4/18	Revidert investeringsbudsjett 2018, økonomiplan 2018-2021	2017/818
PS 5/18	Strategisk styring- og utvikling av pleie- og omsorgssektoren.	2018/50
PS 6/18	Vurdering av skulestrukturen i Sande - oppfølging av forpliktande plan	2018/19
PS 7/18	Team for funksjonshemma - framdriftsplan for omstillingsarbeidet mm	2017/943

Eventuelt

PS 1/18
SKRIV OG MELDINGAR

Handsaming i Kommunestyret :

RS 1/18 Kontrollutvalet - møteprotokoll frå 17.01.2018

RS 2/18 Notat interkommunalt samarbeid

RS 3/18 Revisjon av distriktsindeksen - Uttale frå 1514 Sande kommune

VEDTAK:

Skriv og meldingar vart samrøystes teke til vitande.

PS 2/18
FORVALTNINGSREVISJON - TIDLEG INNSATS

Handsaming i Kommunestyret :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet – Tidleg innsats, Sande kommune (Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 29.09.17).

1. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
 - a) Kommunen skal vurdere om det skal opprettast faste møtepunkt mellom barnehageeiningane og PPT ute i barnehagane. Dette må vurderast i forhold til PPT sin kapasitet.
 - b) Kommunen skal sette i verk tiltak for å få implementert «prosedyre for å ivareta det einskilde barn under skulealer» og i større grad ute på einingane (barnehagane).
 - c) Kommunen skal i sin skriftlege overgangsplan innføre rutinar for å fange opp førskulebarn som ikkje går i barnehage.
 - d) Kommunen skal i større grad enn tidlegare involvere komande kontaktlærar i overgangsarbeid/overgangsaktivitetar mellom barnehage og skule.
 - e) Kommunen skal vurdere om tilbakemelding frå skulen til barnehagen ved avslutta førsteklassetrinn bør inngå som ein del av overgangsplanen i kommunen.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan 01.06.2018.

PS 3/18

LARSNES HELSELAG - SØKNAD OM SPELEMIDLER

Handsaming i Kommunestyret :

Samr. som tilrådinga

VEDTAK:

Sande kommunestyre er positive til initiativet frå Larsnes Helselag.

Sande kommunestyre vedtek å søke spelemidla i hht søknad frå Larsnes Helselag for å realisere tiltaket.

Ordførar får fullmakt til å inngå nødvendige grunnavtaler med Larsnes helselag.

PS 4/18

REVIDERT INVESTERINGSBUDSJETT 2018, ØKONOMIPLAN 2018-2021

Handsaming i Kommunestyret :

Samr. som tilrådinga

VEDTAK:

Kommunestyret viser til saksframlegg med vedlegg, samt formannskapet si endring, og godkjenner med dette eit revidert investeringsbudsjett for 2018 med ei samla investeringsramme **39,825** mill kr. Den samla investeringsramma vert finansiert gjennom nødvendige låneopptak og ubrukte lånemidler som vist i saksframlegget. Opptak av nye lån i økonomiplanperioda 2018-2021 er innanfor ramma for avdrag på lån i same perioda jfr vedlegg

PS 5/18

STRATEGISK STYRING- OG UTVIKLING AV PLEIE- OG OMSORGSSEKTOREN.

Handsaming i Kommunestyret :

Pleie- og omsorgssjef Bård Dalen orienterte.

Samr. som tilrådinga

VEDTAK:

Sande Kommunestyre vedtek med dette strategi 1 – tildelingsprakis for Helse- og omsorgssektoren.

Rådmann får i oppdrag å utgreie vidare og implementere dette i tråd med det som går fram av saksutgreiinga.

**PS 6/18
VURDERING AV SKULESTRUKTUREN I SANDE - OPPFØLGING AV
FORPLIKTANDE PLAN**

Handsaming i Kommunestyret :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

Kommunestyret legg til grunn at modell A ikkje vil vere aktuell dei nærmaste åra. Modell B og C vert sendt på høyring. Høyringsfristen vert sett til 6 april 2018.

**PS 7/18
TEAM FOR FUNKSJONSHEMMA - FRAMDRIFTSPLAN FOR
OMSTILLINGSARBEIDET MM**

Handsaming i Kommunestyret :

Samr. som tilrådinga

VEDTAK:

1. Sande kommunestyre tek vedlagte framdriftsplan for arbeidet til vitande.
2. Sande kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å organisere og samordne eksisterande oppgåveportefølje.
3. Evt budsjettreguleringar vert å kome attende til i eiga sak.

Til å skrive under møteboka saman med ordføraren vart Ove Myklebust og Ruth Rekdal valde.

Møtet slutt kl 15.35

Ove Myklebust

Dag Vaagen

Ruth Rekdal

Rett utskrift

ØKONOMI- OG ADMINISTRASJONSAVDELINGA, 8. februar 2018

Tove Cathrine Kvamme
Politisk sekretær